

# VILKÅR FOR PRIVATABONNEMENT ENIVEST FIBER OG DIGITAL-TV.

## Gjeld frå 01.11.2008



Ein abonnent av produkt frå Enivest må rette seg etter denne abonnementsavtala. Spesielt avtalte vilkår gjeld framfor generelle.

### §1 Generelt

1.Følgjande vilkår skal gjelde som tillegg til avtale om private abonnement som vedkjem tilgang til breiband og tilleggs-tenester mellom Enivest AS og abonnenten. Eit abonnement i denne samanheng gjeld tilknytning av breibands-linje over fiber-samband for ein bestemt husstand innanfor Enivest AS sitt dekningsområde. Omgrepet "husstand" omfattar ikkje bedrifter. 2.Kunden er Abonnent, Enivest AS er Utleigar og Get AS er Rettighetshavar til digital-TV. 3.Tenesta omfattar kunden sine avtalar med Enivest om levering av modembaserte tenester som breiband, telefoni, digital-tv og leigefilm-tenester levert med Rettighetshavar sitt samtykke. 4.Abonnementet kan berre teiknast av personar over 18 år. Dersom brukaren av tenesta er under 18 år, blir den pårørende som har signert avtala kunden. Same person må være abonnent på alle tenester frå Enivest AS innan ein husstand eller bufellesskap. Utleigar kan avslå avtale om, eller endring av tenesta etter kredittvurdering. Teneste type og omfang går fram av produktark, godkjent bestillingsskjema/kontrakt eller ordrebekrefteelse ("Velkomstbrev") frå Enivest AS. 5.Ordebekrefteelse og vilkåra utgjer avtala for tenesta. Om ikkje anna er skriftleg avtala gjeld 12 månaders binding for tenesta frå fyrste gongs levering. 6.Det er ein føresetnad for tilgang til tenesta, at abonnenten har avtale om tilknytning til Enivest AS sitt fibernett, enten direkte til husstanden eller gjennom busamanslutning, at avtala ikkje er misleghaldt, og at det føreligg kapasitet og tilgang til å overføre tenesta. Dei til einkvar tid gjeldande vilkår finnast på [www.enivest.no](http://www.enivest.no). 7.Med "utstyr" meiner ein modem, dekoder, programkort eller anna utstyr som tilhører Enivest AS, og som er utlevert til abonnenten. 8.Med "vederlaget" meiner ein det abonnenten skal betale for tilgang til og bruk av tenesta og utstyr. 9.Med "grensesnitt" meiner ein koplingspunktet mellom Enivest AS sitt nett og abonnenten sitt nett. 10.Med "abonnenten sitt nett" meiner ein nett og utstyr på abonnenten si side av grensesnittet mot Enivest AS sitt nett, herunder også nett og utstyr eid av busamanslutning.

### §2 Bestilling / Avbestilling / Angrert

1.Tinging av abonnement og tenester via internett, skriftleg eller på telefon med oss eller ein av Enivest sine forhandlarar er å sjå på som ein aksept av gjeldande vilkår. Dersom ein abonnent tar i bruk tenester frå Enivest utan at det er inngått nokon formell avtale, vil dette bli sett på som ein aksept av desse vilkåra. 2.Kundar som har bestilt tenester ved oppsøkinge sal (telefonsal, dørsal, messesal e.l.) har i samsvar med angrettplova rett til å gå frå avtalen kostnadsfritt (angrert) ved å gi Enivest melding om dette innan 14 dagar etter at angrettskjema er motteke. Enivest vil då dekke kostnaden ved å returnere evt. utsendt utstyr. Kundar som har bestilt på annan måte må sjølve dekke kostnader med retur av mottatt utstyr. 3.Kundar som har samtykkja til å leveransen skal starte før angrefristens utløp, eller avbestiller etter angrefristens utløp, men for produktet er levert, plikter ved avbestilling å betale fastsatt gebyr for dette. Avbestilling etter leveringsdato blir sett på som oppseiing jf. §6 4.Kundar som ut frå avtale med Enivest sjølv skal grave på eigen eigedom er pliktig til å ferdigstille graving innan gitt tidsfrist. Dersom dette ikkje er utført innan tidsfristen går ut, vil abonnenten verte pålagt fastsett gebyr for "bomturr". Dersom mangel på graving fører til at tenesta ikkje kan leverast vil abonnenten verte fakturert for produktet "Ikkje levert grunna manglande graving" ut frå til einkvar tid gjeldande sats.

### §3 Produkt

Utleigar stiller til disposisjon for abonnent fylgjande produkt: 1.Tilgang til Enivest sitt breiband via fiber-nett, med kapasitet i samsvar med bestilling/avtale og tilknytning til internett. Utleigar kan ikkje garantere hastigheita på nedlasting frå internett, fordi den ikkje berre er påverka av bandbreidda på abonnentlinja. Sidan ein del av kapasiteten nyttast til kontrollinforasjon kan reell nedlastingshastigheit vere noko mindre enn oppgitt i spesifikasjonane for produktet. Den påverkast også av forhold utanfor Enivest sitt nett som utleigar ikkje kan kontrollere. Kapasitet og innstillingar på abonnenten si eiga maskin vil også påverke hastigheit på nedlasting og opplasting. Det er Enivest sin målsetnad at abonnenten til einkvar tid skal få angitt hastigheit på produktet mellom abonnenten sin eigen PC og Enivest sin ruter mot Internett. Det presiserast likevel at Enivest ikkje kan garantere at denne hastigheita alltid nås. I periodar med stor belastning på nettet (for eksempel ved at mange kundar er pålogga og lastar ned mykje informasjon på same tid) kan kundane oppleve å få dårlegare kapasitet enn det dei har tinga. Dersom det i særskilte område viser seg å vere problem med å oppnå den oppgjevne kapasiteten, vil Enivest føreta nødvendige oppgraderingar for å avhjelpje desse problema. 2. Tilknytning til Internett og høve for lagring av 150 MB heimesider og inntil 5 e-postadresser pr. abonnement, avgrensa til 150MB plass pr. adresse på serveren. Produktet Sikker Lagring, med 1 GB gratis lagringsplass. Tenesta inkluderer

offisiell og dynamisk IP- adresse på modem. Abonnenten skal nytte det utstyr eller andre komponentar som utleigar plasserer ute hos dei. Abonnenten er pliktig å gje utleigar tilgang til einingar som inngår i nettet og som er utleigar eller netteigar sin eigedom. Ved levering av tenesta vil abonnenten få tildelt brukarnamn og passord til e-post, ftp og Sikker Lagring som abonnenten pliktar å oppbevare på ein måte som hindrar uvedkommande tilgang. Merk: Abonnenten er sjølv ansvarleg for alt tele- og datautstyr som i tillegg til utstyret frå Enivest er naudsynt for å nytte tenesta (riktig nettverkskort og programvare i PC m.m.) Utleigar har som intensjon å tilby tilleggstenester og verdiaukande tenester etter kvart som desse vert tilgjengelege. Desse tenestene inngår ikkje i alle produktpakkeane til Enivest og må bestillast særskilt når dei blir tilgjengeleg. 3. Tilknytning til digital-tv og leigefilm-tenester for kundar som har inngått avtale om dette. Sjå §17 for særreigne vilkår for tenesta. 4. Breibandstelefori for kundar som har inngått avtale om dette. Sjå §18 for særreigne vilkår for tenesta.

### §4 Leveranse

1. Enivest vil forsøke å levere samband til kundar som har moglegheit for tilknytning til Enivest AS sitt fiber-nett, men er ikkje pliktige til å levere. Enivest kan ikkje garantere leveranse dersom det er ytre påverknader eller lokale forhold som hindrar installasjon. Utleigar er heller ikkje pliktig til å levere der seinare endringar hindrar vidareføring av abonnementet. Om tenesta ikkje kan leverast vil avtalen seiest opp utan kostnad for abonnent jf. §6, såframt abonnenten ikkje er ansvarleg for dette sjølv, jf. §2.4. 2.Tid for leveranse på fiber styrast ikkje berre av Enivest, men og av abonnenten sjølv, jf. §2. Tid på kvar enkelt leveranse vert definert i avtale mellom Enivest AS og abonnent (kontrakt). 3.Kundeutstyret (modem) skal monterast av utleigar eller av utleigar sin underleverandør. Montør må ha fri tilgang til tilknytingspunktet, og utleigar har full rett til naudsynte installasjonar og linjeføring på, i og gjennom abonnent sin eigedom. Spesielle forhold på linja, manglande montørressursar hos underleverandør, arbeid i noden og anna som er utanfor vår kontroll kan i enkelte høve føre til lengre leveringstid. Abonnenten skal informerast før inngrep blir gjort, og har rett til å uttale seg før installasjonen gjennomførast. Viss abonnent ynsker anna installasjon enn det som er teknisk og hensiktsmessig for utleigar, kan utleigar krevje at abonnent dekker meirkostnadane. Abonnent kan ikkje krevje kompensasjon for ulemper etter montering eller demontering av kundeutstyret. Abonnent må sjølv koste framføring og levering av straum (230V) der dette er naudsynt for installasjonen. Arbeid utover montering av utleigars modem (oppsett av privat datautstyr, kabling innomhus som ikkje er naudsynt for montering av modem o.a.) er ikkje inkludert i monteringa og må avtalast direkte mellom abonnent og montør, og vert belasta abonnent. 4.Utleigar har rett til å framføre luft- eller jordkabel for sitt kabelnett fram til andre kundar eller eigedommar fra/over abonnentens eigedom og bygningar (herunder også utføre service og vedlikehald på kabelnettet). Utleigar skal, så langt det er rimeleg, følge abonnenten sitt ynske med omsyn til framføring og istandsetjing av areala etter slik framføring. Abonnenten pliktar å medvirke til at det ikkje blir lagt hindringar i vegen for framføring, service og vedlikehald av utleigar sitt kabelnett på abonnenten sin eigedom. Abonnenten kan berre krevje vederlag for slik framføring dersom denne må ansjåast særleg belastande for abonnenten sin eigedom. Utleigar sin rett til kabelføring (herunder også service og vedlikehald på kabelnettet) på/over abonnenten sin eigedom følgjer eigedommen, og skal bestå sjølv om kundeforholdet opphørar, der det har betydning for framføring av signal til andre kundar.

### §5 Brukarstøtte

Utleigar vil kunne hjelpe abonnenten med teknisk brukarstøtte i normal arbeidstid. Feil eller manglar ved nett, forbindelsar eller tilleggsteneste skal utbetrast innan rimelig tid og utan kostnader for abonnenten dersom ikkje feilen/mangelen kan tilskrivas forhold hos abonnenten eller andre forhold utleigar ikkje har kontroll over. Reparasjon/arbeid på nettet og/eller utstyr som er utleigar/netteigar sin eigedom, må berre utførast av utleigar eller personar som utleigar har godkjent og gitt særskilt tillating jf. §8. Ved service-besøk er utleigar ikkje ansvarleg for tapt arbeidsforteneste eller andre tap eller kostnader for abonnenten. Skuldast feilen i abonnenten sitt nett, uriktig bruk, uaktsomheit hos abonnenten, eller andre forhold abonnenten har ansvar for, må abonnenten sjølv koste service og feilretting. Service og oppgradering av utstyr må berre utførast av utleigar eller av annan autorisert reparatør godkjent av utleigar. Ved behov for brukarstøtte eller ved eventuelle feilsituasjonar kan abonnenten vende seg til kundeservice hos Enivest. Opningstider, telefonnummer og e-postadresser til kundeservice er tilgjengeleg på [www.enivest.no](http://www.enivest.no).

### §6 Avtalen si lengde og oppseiing

Abonnementet har bindingstid som er spesifisert i bestilling for abonnenten, eller oppretta/utvida på seinare tidspunkt ved

nyteikning/utviding av tilleggstenester eller endring av grunntilbod. Abonnement kan seiest opp med ein månads varsel etter bindingstida sitt utløp. Oppseiinga må leverast skriftleg. Abonnement kan ikkje seiest opp under bindingstid utan samtykke frå utleigar. Dersom abonnenten seier opp før bindingstida er utløyst belastast vederlag, andre avgifter og gebyr ut bindingstida etter dei til einkvar tid gjeldande satsar, dette gjeld også ved flytting til adresse der tenesta ikkje kan leverast. Dette gjeld ikkje dersom abonnenten seier opp som følgje av at utleigar gjer vesentlege endringar i tenestas innhald eller endrar prisar eller vilkår vesentleg til abonnentens ugunst, utan at dette skuldast forhold utanfor utleigars kontroll, jf. §14.

Ved oppseiing av avtalen vert ikkje etableringsgebyr refundert. Dersom det oppstår tekniske problem med leveranse/overføring og utleigar med rimelige midlar ikkje kan utbetre problema, kan utleigar seie opp avtalen. Ved oppseiing frå utleigar grunna manglande høve til leveranse av bestilt produkt skal ikkje abonnenten bli fakturert. Dette føreset at abonnent underrettar Enivest om manglar ved tenesta innan 14 dagar etter forventa leveranse. Dersom melding frå abonnent kjem etter dette og tenesta ikkje kan leverast er abonnent pliktig til å betale abonnement fram til meldingsdato. Utleigar kan heve avtalen ved vesentleg misleghald jf. §11og §12. Ved oppseiing av grunnteneste/breibands-tilknytning gjeld oppseiinga også for eventuelle tilleggstenester. Avslutting av abonnementet vil verte utført med omsyn til bindingstid.

### §7 Bindingstid, endring og flytting av abonnement

1. Ved teikning av bindingstid på eit abonnement er abonnent bunden til Enivest som leverandør i denne perioden. Abonnenten kan endre til anna produkt mot å bli fakturert for endring og nytt produkt, så fremt Enivest kan levere. Differansen i pris vil bli fakturert/kreditert på neste faktura. Ved utviding av binding grunna tilleggsteneste eller endring av denne, gjeld ny bindingstid også for grunn-produkt (breiband). Ved utvida binding grunna endring i produkt på grunn-produkt vil ikkje bindingstida verte overført til eventuelle tilleggstenester. 2.Abonnementet består utelukkande mellom abonnent og utleigar. I særskilte tilfeller der tungtvegande grunnar talar for det, kan abonnementet overførast til nærstående innanfor same husstand, såframt vedkomande oppfyller dei grunnleggande vilkår for å teikne abonnement. Søknad om endring skal sendast skriftlig til utleigar. 3.Adresseendringar og andre endringar som verkar inn på kundeforholdet må meldast til utleigar så snart som mogleg. Dersom adresseendring ikkje vert meldt er abonnent ansvarleg for tap som måtte oppstå som fylgje av feiladressert post eller andre meldingar frå utleigar 4.Dersom abonnenten flyttar til annan bustad innanfor Enivest sitt dekningsområde for fiber kan abonnenten få flytta sambandet dit mot å betale flyttinggebyr. Dersom den nye adressa er utanfor dekningsområdet eller det ikkje er tilknytt fiber til husværet er Enivest ikkje forpliktja å fornye abonnementet, og det vil bli rekna som ei oppseiing, jf. §6. Flytting kan medføre endra vederlag. Flytting må meldast i god tid for at utleigar kan få utført jobben til ynskt tid. Det må reknast like lang leveringstid ved flytting som ved nyleveranse. Abonnenten kan ikkje krevje frådrag i fastavgift for den tida tenesta er utligngeleg som fylgje av flytting. Det er ikkje mogleg å melde flytting over til annan teknologi (ADSL, radio).

### §8 Eigarforhold og ansvar for utstyr

1.Utleigar har eigedomsrett til alle faste og lause installasjonar utleigar monterer i nettet og utstyr som blir plassert ute hos abonnenten. Utstyr frå Enivest som vert plassert hos abonnenten skal berre nyttast på den adressa som er oppgitt på leigeavtalen. Abonnenten er økonomisk ansvarleg for skadar han påfører utleigar sin eigedom, forsettleg eller uaktsamt. Tap eller skade på utstyr som følgje av til dømes tjuveri, lynnedslag, fysisk skade og anna skal dekkast av abonnent. Dersom abonnenten gjer endringar på konfigurasjonen av utleigars utstyr, som medfører at abonnenten ikkje kjem på nett og utleigar må konfigurere utstyret på nytt, vil abonnenten bli fakturert for dette. Abonnenten må sjølve dekke kostnader ved å få levert utstyr til Enivest sitt kontroll. Abonnenten kan ikkje krevje refusjon av betalt abonnement for den tida han ikkje er på nett på grunn av dette. 2.Abonnent er ansvarleg for å kople ned og returnere alt utstyr som er plassert ut av utleigar ved avslutting av abonnement. Kabel inn til hus og veggoppheng ("Fiberhus") må ikkje demonterast eller flyttast, og skal verte ståande i abonnentens hus, også etter avslutta kundeforhold, dersom det ved seinare høve skal bestillast fiber-samband til husværet. Utstyr skal sendast til Enivest AS, Firdavegen 5, 6800 Førde og merkast med abonnenten sitt kundenom og namn. Ved tilbakeføring av utstyr til Enivest skal dette vere i den stand det var i ved levering. Teneste blir belasta abonnent til den er avslutta, tildagast ein måned etter oppseiing jf. §6. Dersom kundeutstyr ikkje er levert tilbake til Enivest komplett og i god stand innan 30 dagar etter avslutta teneste vil abonnenten bli fakturert verdien av kundeutstyret. Abonnent kan ikkje krevje

# VILKÅR FOR PRIVATABONNEMENT ENIVEST FIBER OG DIGITAL-TV.

## Gjeld frå 01.11.2008



kompensasjon for ulempe etter montering eller demontering av utstyr, jf §4.

### §9 Reklamasjon

Abonnementet plikter å melde frå til Enivest så snart som mogleg etter at abonnenten har oppdaga eller burde oppdaga feil eller manglar ved tenesta. Dette skal skje til Enivest Kundeservice. For feil blir meldt til Enivest skal abonnenten sjølv undersøke om feilen skuldast eige utstyr. Enivest kan kreve at abonnenten dekkjer kostnader som er forbunde med feilsøking som Enivest får utført, dersom abonnenten melder om feil som ligger utanfor Enivest sitt ansvarsområde. Dersom abonnenten på eige initiativ setter i verk tiltak utanfor tredjepart for å rette mangelen utover det som måtte vere avtalt med Enivest er ikkje Enivest ansvarleg for å dekke utgifter til slik retting. Enivest sitt ansvar for feilsøking og feilretting gjelder for linje til abonnenten og til og med det utstyr som er levert frå Enivest. Enivest skal snarast mogleg etter å ha blitt kjent med mangelen ved produktet sette i verk tiltak for å rette mangelen. Abonnenten kan ikkje krevje kompensasjon for manglande tilgang til tenesta for tid som går før feilen blir meldt til Enivest. Krav om eventuell refusjon skal sendast skriftleg til Enivest.

Enivest skal varslast omgåande dersom abonnenten vil gjere gjeldande at utleigar ikkje har oppfylt sine plikter etter avtala, i motsatt fall mistar abonnenten retten til å gjere mislighaldsbeføyelsar (heving, erstatning, prisavslag) gjeldande.

### §10 Mislighald frå Utleigar si side

1. Avvik i tenestekvalitet ved til dømes forstyrningar, brot i leveransen eller andre forhold som medfører at abonnenten ikkje mottar tilstrekkelege signal, blir sett på som ein mangel ved tenesta. Dette gjeld ikkje dersom avviket skuldast abonnenten, abonnenten sitt nett eller andre forhold abonnenten har ansvar for. Utleigar kan ikkje levere betre kvalitet enn det som følgjer av standarden på kabelnettet og kvaliteten på mottatte signal, og er ikkje ansvarleg for forstyrningar eller forringa kvalitet grunna i slike forhold.

2. Ved vesentleg mislighald frå utleigar si side kan abonnenten heve avtala.

3. Abonnenten kan krevje erstatning for sitt direkte økonomiske tap som skuldast mangel ved tenesta. Dette gjeld likevel ikkje så lenge utleigar godtgjer at mangelen skuldast hindring utanfor hans kontroll, og som han ikkje med rimelegheit kunne ventast å ha tatt i betraktning på avtaletidspunktet eller å unngå eller overvinne følgjene av. Indirekte tap, avledda skader/tap eller følgjeskader/tap erstattast ikkje i nokon tilfelle. Utleigar er heller ikkje ansvarleg for skade på abonnenten sin person, tredjeperson eller gods. Utleigar sitt samla erstatningsansvar er i eitkvart tilfelle avgrensa til vederlaget for 1 måned.

### §11 Mislighald frå Abonnenten si side

1. Ved vesentleg mislighald av avtala eller andre avtalar med Enivest frå abonnenten si side, kan utleigar stenge tenesta, ikkje oppdatere programkort eller kople frå tilknyttinga til utleigar. Slik stenging kan skje straks og utan varsel. For dette må abonnenten betale oppningsgebyr. Abonnenten er ansvarleg for betaling av tenesta sjølv om den skulle stengast grunna mislighald. Vesentleg mislighald gir også utleigar rett til å heve avtala. Det same gjeld dersom evt. busamanslutning er i vesentleg mislighald utanfor Enivest.

2. Som vesentleg mislighald reknast til dømes ulovleg inngrep i eller bruk av utstyr, pirat kopiering av kort, brot på ein eller fleire av bestemmelsane i §13 og §17, brot på offentlege reglar, misbruk eller forsøk på misbruk av tenesta eller reglar for tenesta, usømeleg åferd, sjikane eller liknande.

3. Dersom Enivest hever avtala som følgje av vesentleg mislighald frå abonnenten si side, er abonnenten forpliktet til å betale alle forfalne og ikkje forfalne fakturaer i avtaleperioden, samt påløpne vederlag, avgifter og gebyr som ikkje er fakturert på hevingstidspunktet. I tillegg kjem avgift og gebyr for evt. henting av utstyr, brot på bindingstid, erstatning for utstyr eller anna tap påført utleigar, samt eventuelle renter og inkassogebyr.

4. Utleigar har etter at tenesta er stengd, eller avtala er heva, rett til å nekte abonnenten eller andre i abonnenten sin husstand eller bufellesskap ny avtale eller tilgang til tenesta.

### §12 Betaling

1. Det blir vist til Enivest AS si gjeldande prisliste for breibandstenester. Enivest har ved teikning av abonnement rett til å foreta kredittvurdering av abonnenten. Dersom Enivest ikkje finn resultatet av denne kredittvurderinga tilfredsstillande kan Enivest krevje førehandsbetaling for levering av tenesta, eller avvise bestilling frå abonnent.

2. Vederlaget bereknast frå det tidspunkt utleigar har aktivert tenesta. Administrasjons- og fakturagebyr påløper etter til einkvar tid gjeldande satsar.

3. Abonnementet forfall til betaling forskotsvis pr. kvartal. Eventuelle seinare bestilte tilleggstenester eller verdiøkande tenester forfall og innkrevjast saman med breibandsløse.

4. Abonnent er juridisk ansvarleg for abonnementet, sjølv om det er ein annan part som mottok og betalar faktura. (t.d arbeidsgeivar). Ved manglande betaling vert ubetalte fakturaer automatisk oversendt til inkasso og tenesta vert stengd. For sein

betaling fører til rentekostnader i høve til einkvar tid gjeldande morentelov. Tenesta kan også stengast om det manglar betaling for andre produkt/tenester frå utleigar eller ved forseinka betaling frå eventuell busamanslutning. Tenesta vil bli oppna på nytt etter at alle krav og saksomkostningar er innbetalt. Det vert då også fakturert oppningsgebyr. Abonnenten får ikkje frådrag i abonnementsavgifta for den tid tenesta har vore stengd som fylgje av manglande betaling.

5. Enivest tilbyr AvtaleGiro og faktura tilsendt på e-post. Ved å velje dette slepp abonnent papirgebyr for faktura.

### §13 Abonnenten sine rettigheter og plikter

1. Abonnenten har berre rett til å nytte abonnementet i høve til føresegnene til utleigar. Abonnentens nett må til einkvar tid tilfredsstillende gjeldande reglar, og det må ikkje tilkoplast utstyr som ikkje er godkjent. Abonnenten er ansvarleg for at hans nett og utstyr ikkje gir forstyrningar i utleigar eller andre abonnent sine nett. Utleigar kan kople frå tenesta utan forvarsel ved forstyrningar i nett, og kunde koplast til att når det er godtgjort at problemet er løyst. Utleigar er ikkje ansvarleg for problem med bruk av tenesta eller andre forhold som følgje av inngrep i, skadar på eller feilaktig bruk av utstyret. Utstyr som er installert etter denne avtala kan ikkje nyttast til næringsverksømd. Utleigar er ikkje ansvarleg for tap eller skade som direkte eller indirekte kan tilbakeføres til uvedkommande. Utstyret er utleigar sin eigedom og kan ikkje seljast, lånast ut eller på annan måte disponeres i strid med avtalen. Abonnenten skal ha forsikring som dekkjer muleg ansvar for utstyret. Transport av utstyr til service, reparasjon, oppgradering eller innbytte er abonnenten sitt ansvar, også om nye tekniske standardar gjer det naudsynt å oppgradere eller bytte ut utstyret. Ved oppeising, heving eller anna opphør av tenesta skal utstyret straks leverast tilbake til utleigar, jf §8.

2. Abonnenten er sjølv ansvarleg for at tenester som leverast med personlege kodar, herunder passord og PIN kodar ikkje vert misbrukt, og må endre gitte kodar til personlege kodar straks tenesta blir tatt i bruk. Abonnenten er pliktig å betale for alle varer og tenester som bestilt eller bekrefte med eller utan personlege kodar. Kodar skal oppbevarast på forsvarleg vis slik at uvedkomande ikkje får tilgang til dei. Abonnenten må ikkje forsere elektroniske sperrer, låser, kodar eller på annan måte forsøke å skaffe seg uberettiga tilgang til andre tenester, opplysningar, data, system eller anna som ikkje er meint for abonnenten (jf. straffelovens §§ 145 og 262). Abonnenten må heller ikkje nytte eller spreie informasjon som ikkje er berekna på abonnenten. Det er ikkje tillette med masseutsending av reklame, e-post eller anna, eller til å bruke nettet til å spreie kjedebrev og anna. Internett aksess skal ikkje nyttast til å drive eigne servertenester – som til dømes; peer to peer, FTP, web, NNTP, proxy server eller DHCP. Abonnenten er sjølv ansvarleg for den informasjon abonnenten utnyttar, formidlar eller spreiar ved hjelp av tenesta. Abonnenten må ikkje bruke nettet til spreiding av datavirus, opphavsrettslig beskytta materiale eller skuldingar som av tredjepersonar kan oppfattast som krenkande, som rasisme og pornografi. Abonnenten er ansvarleg for at mindreårige ikkje får tilgang til tenester, som på grunn av sitt innhald kan verke støytande eller skadeleg. Abonnenten forpliktar seg til ikkje sjølv å nytte eller la andre nytte sin internettaksess eller andre breibandstenester frå Enivest i strid med norsk lov- og forskriftsverk.

3. Det er ikkje tillette å vidareføre signal eller formidle tenester frå gjeldande nett korpje til utanforstående eller til andre abonnentar hos Enivest AS. Med utanforstående meiner vi i denne samanheng personar som ikkje er abonnent hos Enivest. Brot på denne føresegna er å rekne som mislighald jf. §11. Abonnenten kan ikkje selje vidare av sin kapasitet på sitt abonnement, og abonnenten kan ikkje leggje opp interne nettverk slik at andre kan få tilgang til utleigar sine tenester.

4. Abonnenten kan ikkje drive næringsverksømd på heimesideområde. Kommersiell presentasjonar og tenester, som til dømes presentasjon av firma, produkt eller tenester for sal, er berre tillat etter skriftleg tillating frå Enivest.

### §14 Utleigar sine rettar og plikter

1. Utleigar kan endre vilkår og prisar med ein måned varsel. Faktura med opplysning om ny pris for tenesta gjeld som skriftleg underretting om regulering. Dersom offentlege skattar eller avgifter, private eller offentlege programavgifter, opphavsrettslege avgifter eller andre avgifter eller kostnader utanfor utleigar kontroll, for dei tenester som fylgjer av denne avtala vert auka, har utleigar rett til å auke prisane tilsvarende med ein månads varsel. Slike endringar blir varsla på utleigar sine heimesider www.enivest.no, med e-post til abonnenten sin konto hjå Enivest (@enivest.net) eller ved underretting på neste faktura. Betaling eller bruk av Tenesta etter at endringa er trådd i kraft, blir sett på som aksept. Avtalte prisar kan justerast 1. januar kvart år utan varsel, med endringar i konsumprisindeksen til SSB til føregåande år.

2. Utleigar er ansvarleg for leveransen av tenesta. Ved brot eller vesentleg forstyrningar utover rimeleg tid etter at utleigar har mottatt melding om feilen frå abonnenten, og som skuldast forhold utleigar har ansvar for, kan abonnenten krevje forholdsmissig frådrag i vederlaget. Det gis ikkje frådrag i etableringsavgift, vederlag for installasjon og levering av utstyr

eller andre avgifter og gebyr. Abonnenten må omgåande melde feil til Utleigaren.

3. Utleigar er ikkje ansvarleg for avbrot eller forstyrningar som skuldast force majeure eller andre forhold som utleigar ikkje er herre over, til dømes arbeidskonflikt, offentlege reguleringar, straumbrot m.m. Det ikkje gitt frådrag i vederlaget i slike tilfelle, eller ved avbrot eller forstyrningar som skuldast feil i abonnenten sitt nett, feil eller skade forårsaka av abonnenten eller noko abonnenten har ansvar for.

4. Utleigar vil ikkje garantere eller støtte nokon produkt, tenester, transaksjonar eller innhald som blir distribuert eller marknadsført via tenesta, og har ikkje noko ansvar for dette. Det er abonnenten sitt ansvar å sikre seg mot for eksempel misbruk av kredittkort når dette blir nytta som betalingsmiddel.

### §15 Brukarrestriksjonar

1. Utleigar har rett til å setje i verk tiltak som kan medføre avbrot, forstyrningar eller endringar i tenesta som blir sett på som nødvendige av tekniske, driftsmessige, vedlikeholdsmessige eller andre årsaker.

2. I nødsituasjonar, herunder force majeure, alvorlege truslar mot helse, sikkerheit eller miljø, naturkatastrofar, krig eller krigsliknande tilstander, omfattande streik eller lockout, samt ved alvorleg fare for sabotasje mot nett eller tenester, har utleigar rett til å gjennomføre avbrot eller avgrensingar i tenesta.

3. Abonnenten kan i slike tilfelle ikkje krevje forholdsmissig frådrag i vederlaget og utleigar er utan ansvar for evt. tap eller kostnader som abonnenten måtte bli påført.

### §16 Tvisteløysing

Tvistar skal søkast løyst i minneligheit. Klagar vedrørande kvalitet på Enivest sine tenester, leveranse eller faktura kan rettast skriftleg til Enivest. Kundar kan klage på Enivest si avgjerd i tvistar til Brukerklagenemnda for elektronisk kommunikasjon (BKN). Klagar kan først sende inn klage til BKN etter at klagar har fått skriftleg avslag frå Enivest. Sjå brukerklagenemnda.no.

### §17 Særskilte vilkår for digital-tv

1. Abonnenten kan berre bruke utstyret til private, ikkje-kommersielle formål innanfor husstanden.

2. Ved Pay Per View er abonnenten pliktig til å betale for bestilt teneste, sjølv om sendinga (film, sport, e.l.) fell bort, med mindre bortfallet skuldast utleigar.

2. Programkortet med tilhøyrande PIN-kode gir abonnenten tilgang til tenesta. Abonnenten kan berre nytte programkortet saman med det utstyr som er registrert på abonnenten.

4. Ved tap eller skade på programkort som skuldast abonnenten, belastast abonnenten eit gebyr for nytt programkort.

5. Årsavgifta belastast abonnenten etter til dei til einkvar tid gjeldande satsar, og skal dekke programkortadministrasjon, etablering/vedlikehald av dekodere og oppdatering av Elektronisk Program Guide (EPG).

6. Programkortet oppdaterast når innbetaling av vederlag og årsavgift er registrert hos utleigar seinast ved forfall. For oppdatering må utstyret vere slått på og programkortet sett i.

7. Ved bortfall av program som ikkje skuldast gjennomførbart programvalg, kan leverandøren sette inn eit nytt program. Ved val av erstatningsprogram skal det leggst vekt på kva fjernsynssendingar kundane prioriterer. Leverandøren har også rett til å legge vekt på andre forhold, så som dei prisar og vilkår programleverandørane tilbyr, programkvalitet, teknisk standard, osv.

### §18 Særskilte vilkår for telefoni

1. Abonnenten kan reservere seg mot visning av sitt telefonnummer hos oppringt nummer. Utleigar kan likevel ikkje garantere at dette til einkvar tid vil fungere, då utleigar ikkje har kontroll over andre utleigar sine nettverk og tenester.

2. Ved nummerportering er det berre mogleg for abonnenten å behalde tidlegare nummer som var i bruk per linje gitt av avgjevande utleigar. Abonnenten er sjølv ansvarleg for å seie opp evt. andre nummer som ikkje skal behaldast. Utleigar er ansvarleg for oppeising av abonnementet hos abonnenten sin avgjevande utleigar på nummer som skal porterast til utleigar.

3. Utleigar er ikkje ansvarleg for eventuelle feil og manglar ved nummerportering som skjer utanfor utleigar sitt ansvarsområde.

4. Dersom abonnenten veljer telefonnummer frå utleigar er abonnenten sjølv ansvarleg for oppeising av abonnement og eventuelt bestilling av nummerhenvisning hos tidlegare utleigar.

5. Ved manglande betaling har utleigar rett til å avgrense tenesta inntil utestående beløp er betalt, ved å stenge for inn- og utgåande samtalar.

6. Abonnentopplysningar som namn, adresse og telefonnummer utleverast til nummeropplysningsvirksomheiter jf. ekomforskrifta § 6-3. Dette gjerast ikkje for abonnentar som har reservert seg.

7. For abonnement på Enivest telefoni (breibandstelefonti) gjeld i tillegg at utleigar foreløpig ikkje tilbyr tenestene; reservasjon mot anrop frå skjult nummer, reservasjon mot nummervisning for enkeltamtalar, og sperring for mottak av vidarekopling frå tredjepart til sluttbrukars terminalutstyr.